

Oddavarden via Krokavatnet, 7,0 km

I krysset etter Damekneiken tar du rett fram vidare oppover mot Seljestadstølen. Løypa svingar ei stund etter Seljestadstølen og går i vekslende stigning retning Krokavatnet. Det er flatt og fint i området rundt Krokavatnet. Den siste kilometeren er det igjen ein del stigning.

Oddavarden via Kistefjell, 7,0 km

Løypa tar av til høgre frå løypa via Krokavatnet midt i dei brattaste stiningane etter Seljestadstølen. Løypa går i slakke og fine stigningar på nedsida av Kistefjell. Dette området har også mykje sol tidleg på vinteren. Det er ein frisk utforkøyning før løypekrysset øverst i det mange kallar "Texasdalen". Tar ein til venstre i krysset er det 1,8 km til Oddavarden, den siste kilometeren er felles med løypa via Krokavatnet. Ein kan også ta til høgre og køyra ned "Texasdalen" og deretter følgja løypa til Oddavarden som kjem via Haugsnut.

Steinavatnet, 8,7 km

Løypa følger løypa til Oddavarden via Krokavatnet til vi er ferdig med stigningane etter Seljestadstølen (3,7 km). Frå krysset der er det 5 km att. Løypa går i vekslende stigning litt lenger til høgre enn Skråbakken. Etter kvart flatar det meir ut mot Dyrskarbotn. Frå krysset her er det 1,5 km samanhengande stiging til Steinavatnet. Frå Dyrskarbotn vert det når vær og føre tillet det køyrt returløype mot Krokavatnet via Fjådsalvatnet. Tilbake til parkering via Haugsnut er denne løypa 2,5 km lenger enn retur via Seljestadstølen.

Rundløype Tjoaminn-Dyrskar, 19,2 km

Løypa følgjer løypa til Steinavatnet opp til krysset ved Seljestadstølen (2,5 km). Ta til venstre over brua bort til Seljestadstølen. Herfrå er det bratt stigning i nesten 3 km opp gjennom Tjoaminn. På toppen av Tjoaminn tar ein til høgre over Dyrskarheia til Dyrskar. Det er vekslende mellom slakke motbakkar og enkelte unnabakkar på den 5 km lange løypa til Dyrskar. Frå toppen av Dyrskar er det 2 km med unnabakke til Dyrskarbotn, der ein kjem inn på løypa til Steinavatnet. Rundturen er like fin begge vegar.

Røldal Skisenter, 11,7 km

Løypa følgjer rundløypa Tjoaminn-Dyrskar opp til toppen av Tjoaminn. Derifrå er det vidare stigning til Elgershei i toppen av Røldal Skisenter. Løypa er populær motsatt veg der løypa føl traseen til Tjoaminnerennet frå Røldal Skisenter til Seljestadstølen. Mange alpinistar køyrer denne løypa, og det er viktig å ta hensyn til kvarandre i dei bratte partia. Frå toppen av Røldal Skisenter vert det også køyrt løype til Røldalssåto.

Kyrkjenuuten 17,7 / 18,5 km

Kyrkjenuuten (1602 moh) er det store turmålet for mange. Ein kan velga å gå via Tjoaminn (18,5 km) eller via Dyrskar (17,7 km). Frå toppen av Dyrskar følgjer ein over Steintjødne før den siste lange stigninga. Dei to siste åra har vi køyrt løypemaskina til Kyrkjenuuten. Då vert traseen på haugane på venstre side av vatnet frå toppen av Dyrskar. Det er ikkje kvista i løypa, og turen er ein høgfellstur som krev full utrusting.

Skileikbakke

På Korlevoll vil det bli preparert i skileikbakken når snøen er på plass. Her er det også gapahuk med utegrill. Ellers er det mange flotte bakkar i dei kortaste løypene og på Seljestadstølen der det er fint å leike på ski.

Tilførselsløyper 2,5 km

Tilførselsløypa til Løyning blir køyrt med maskin ned til utfallsosen på Løyningvatnet når det er nok snø og vi kjem over elva på Seljestad med maskina. Ellers vil den bli køyrt med snøscooter. Vi køyrer også med snøscooter frå Røde Kors hytta opp til løypa til Løyningosen. Tilførselsløype frå Haugsnut til Langedalen og Solfonn blir køyrt når det er nok snø. Det er bratt nærmast Langedalen, Frå Lontjørn vert det også køyrt løype i retning Solfonn når det er nok snø.

Røldal Bygdeløype 8,0 km

I Røldalsbygda blir det køyrt ei rundløype på 8,0 km som går i fine sløyfer på jorder og bakkar. Lysløypa på 2,5 km er ein del av denne. Tidleg i sesongen vert det køyrt løype på vegen i Valldalen, og på ettervinteren blir det køyrt løype frå Votna til Røldal.


Korlevoll Skistadion

På Korlevoll Skistadion er det FIS-godkjente konkurranseløyper frå sprintløyper til 5 km. Lysløypa som går i store deler av dette løypenetet, er no utvida til 5 km. Lysløypa er open alle dagar.

Lontjørn Skistadion

På Lontjørn Skistadion er det lysløype på 3,2 km. Det er også skiskyttarstadion på Lontjørn. Lysløypa er normalt open tirsdag og torsdag.





Røldal



Seljestad lågland, 10,1 km

Seljestad lågland er løypa som vil bli køyrt dagleg ved behov når snøforhold og vær tillet det. Løypa er teikna med grønt på løypekartet. Løypa går i området mellom E134 og Seljestadstølen, og er variert med veksling mellom motbakkar, flatar og unnabakkar. Første del av løypa har sol heile året (i godvær). Etter 2,5 km er det flott utsiktspunkt mot Oddadalen og Løyningdalen. Etter 6,5 km kjem løypa til Seljestadstølen før ho returnerer mot start i sløyfer med fine utforkøyringar. Løypa går i det området som er minst utsett for vind, og det er få dagar i løpet av vinteren at det ikkje er forsvarleg å gå tur i dette området. Løypa er også fin å gå motsett veg der ein tar sløyfene mot Seljestadstølen først.

Seljestad og Røldal Løypeselskap

Ønsker velkomen til eit flott nett av løyper på Seljestad og Røldal. Selskapet får inntekter frå kommunale tilskot og frivillige løypeavgifter. Kontonr for betaling av løypeavgift er 3530.24.04508. På heimesida www.loypeselskapet.no har vi Web-kamera på Seljestad, og legg dagleg ut opplysningar om vær og føre, kva løyper som er køyrt og smøretips. Vi legg også ut desse opplysningane og bilder på facebook.

Løypekultur:

Gå alltid på høgre side i løypetraseen.

Grøne løyper:

Lågareliggende terreng/skog utan bratte bakkar

Blå løyper:

Lengre løyper i meir utsett terreng, kan vera brattare bakkar

Rød løyper:

Høgfjellsløyper som krev full utrusting - begrensa merking

Hundar i løypene:

Vis hensyn når du har hund, og plukk opp hundeskitt i løypene

Oddavarden 5,1 / 7,0 km

Løypene til Oddavarden er merka med blått på løypekartet. Desse løypene går oppover i områder med lite skog, og kan vera meir utsett for vind. Vi har merka fleire alternative løyper til Oddavarden, og vi vil her omtale dei ulike alternativa nærmare. Alle alternativa går felles til ein har passert Damekneiken.

Oddavarden via Haugsnut, 5,1 km

I krysset under kraftlinja etter Damekneiken, følgjer ein løypa til høgre, og tar til høgre igjen etter 100 m. Ein følgjer Seljestad Lågland løypa til ein på ny krysser under kraftlinja. Frå krysset ved Damekneiken er det stigning i 1,8 km til løypa flater meir ut. Ved krysset mot Solfonn kan ein velga ei litt lengre rute (0,8 km) der ein får svært flott utsikt nedover Oddadalen. Etter 1 km med variert terreng kjem ein til eit nytt løypekryss. Frå krysset er det 1 km med stigning opp til Oddavarden. Ein kan alternativt gå til venstre i krysset, då er det 2,3 km med slakkare stigning og flatar til Oddavarden.